



Norconsult As Avd Førde  
Poststboks 514

6803 FØRDE

Dato	Vår ref.	Deres ref.
24.05.2022	21/533 - 16	

**Vedtak - Planprogram til Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003 - Offentleg ettersyn**

Sender over vedtaket frå formannskapet i Austrheim, sak 046/22, handsama i møtet 12. mai:

Forslag til planprogramm for **Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003** vert med føringar gjeve i saksutgreiinga sendt ut på offentleg ettersyn. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-85

Sjå også vedlagt saksdokument.

Vennleg helsing  
Ketil Tjore  
møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen underskrift*

Norconsult As Avd Førde	Poststboks 514	6803
-------------------------	----------------	------

**Andre mottakrar:**

Norconsult As Avd Førde		
-------------------------	--	--



## Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
046/22	Formannskapet	PS	12.05.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Asbjørn Nagell Toft	Gbnr-160, FA-L13, Komnr-4632	21/533

### Planprogram til Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003- Offentleg ettersyn

#### Vedlegg:

rapp\_Planprogram Øksnesmarka\_v03

52101114 Notat nmf- kunnskapsgrunnlag til KU m fotovedlegg

#### Framlegg til vedtak:

Forslag til planprogramm for **Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003** vert med føringar gjeve i saksutgreiinga sendt ut på offentleg ettersyn. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredningar FOR-2017-06-21-85.

Sender saka tilbake til tiltakshavar, med ynskje om meir detaljar særleg infrastruktur, veg, vatn avløp og straum.

#### Formannskapet - 046/22 - 12.05.2022

#### FS - behandling:

Avdelingsleiar for plan, bygg, oppmåling og miljø, Asbjørn Nagell Toft, orienterte om saka. Reidar Øksnes (Sp) ba om at kommunen må vera presis, men tanke på kva areal som er teke med og ikkje er teke med i området. Øksnes sa at vegen slik den er teikna inn no, ikkje er slik som det er sagt til grunneigarar, og at det er tenkt eit steindeponi i området. Samanlikna med eit prosjekt på

Byrknes, der er det sett opp eit tal venta arbeidsplassar, her er det ikkje tilsvarande. Formannskapet som plannemnd må vera tydeleg på at tilkomstvegen må vera ein del av planen, også vegen frå Dyrneset, som etter Øksnes sitt syn ikkje er god nok korkje i anleggsperiode eller seinare.

Etterlyste at formannskapet som plannemnd tar ei ny synfaring, både på vegtrasé og området i seg sjølv. Norconsult burde utgreidd dette nærare før det skal leggjast på høyring, for å få svar på kvar vegen skal gå, kva kommunen skal med sitt areal, med meir.

Asbjørn Toft sa at konsulentfirmaet vil laga utkast til planprogrammet etter dette, så kan alle komma med innspel til planprogrammet, herunder synspunkt på vegtrasé, areal som kommunen eig, med meir. Også Statens vegvesen og fylkeskommunen kan komma med innspel om rekkefølgekrav, med meir. Planarbeidet skal gjerast av dette private konsulentfirmaet. Om det er manglar som er påpeika av Statsforvaltar eller andre, så må det utbetrast før dei kan levera eit planforslag til Austrheim kommune.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det bør takast ein runde med synfaring seinare.

Per Lerøy (Ap) sa at det er naturleg med synfaring seinare. Når det gjeld vegtrasé, så er det ikkje avklart med grunneigarar. Uansett så må kommunen snu seg etter nye næringar og alternative arbeidsplassar.

Inger Lise Brekke (H) sa at det er ganske store inngrep i naturen. Dette med landbasert fiskeoppdrett er ei næring i stor utvikling, der dette kan ha endra seg radikalt når det først er aktuelt med arealet på Øksnes.

Per Lerøy (Ap) viste til at ein må sjå landbasert oppdrett i samanheng med felles plan for sjøområda i Nordhordland, og lakselus-problematikken i området. Her er landbasert oppdrett ein av fleire aktuelle løysingar, og dette område kan vera aktuelt for det, men også lukka anlegg i sjø like ved.

Asbjørn Toft sa at ein kan leggja inn krav i føresegnene i reguleringsplanen, for å hindra at dette vert eit større utsprengt areal utan aktivitet.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å ha næringsareal tilgjengeleg dersom det kjem nokon som ønskjer å gjera investeringar i nye næringar.

Inger Lise Brekke (H) ba om at det vart lagt inn krav om tidsaspektet, slik at dette ikkje vert liggande i årevis som eit utsprengt areal.

Per Lerøy (Ap) sa at ein ikkje bør gje dei naudsynte løyvingar før ein er sikker på at det skjer noko.

Reidar Øksnes (Sp) viste på kartet, og sa at arealet som er aktuelt for steindeponi kan få 45 meter høgde.

Reidar Øksnes (Sp) la fram på vegner av Senterpartiet: "Sender saka tilbake til tiltakshavar, med ynskje om meir detaljar særleg infrastruktur, veg, vatn avløp og straum."

Handsaming i formannskapet:

Sentertpartiet/Reidar Øksnes sitt framlegg fekk støtte av Sp (Øksnes) og KrF (Helge Dyrkolbotn), og fall.

Det vart deretter røysta over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, det vart vedteke med 4 mot 1 (Reidar Øksnes (Sp))

## **FS vedtak:**

Forslag til planprogram for **Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003** vert med føringar gjeve i saksutgreiinga sendt ut på offentleg ettersyn. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-9 og § 14-2 og Forskrift om konsekvensutredninger FOR-2017-06-21-85.

## Saksopplysninger:

Forslag til planprogram for **Detaljregulering av næringsområdet N 18 i Øksnesmarka del av gnr. 161 og gnr. 160, planid 2021003** er no sendt til Austrheim kommune. I kommuneplanen til Austrheim kommune, vedteke den 11. april i 2019, er planområdet avsett til formåla næring (N18) og hamn (H). Planinitiativet er difor i samsvar med føringane i overordna plan. Området er frå før av ikkje regulert.


Det er planfirma Norconsult AS som har sendt dette forslaget inn på vegne av oppdragsgjevar Odd Haugen AS. Norconsult er engasjert av Odd Haugen AS for å gjennomføre planprosessen og utarbeide detaljreguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing for deler av Øksnesmarka. Reguleringsplanarbeidet er igangsett med bakgrunn i at delar av planområdet gjennom kommuneplan for Austrheim er avsett til næring/industri med krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for å tillate utbygging av området.

Det skal utarbeidast ein privat detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing i samsvar med plan- og bygningslova § 12-3. Det skal no gjennomførast ein planprosess som opnar for å få fram meiningar om aktuelle planutfordringar og utgreiingsspørsmål.

Føremålet med planarbeidet er regulering til næringsføremål for å utvikle arbeidsplassar og nye næringar til det grønne skiftet som mellom anna er prioritert satsing i Vestland fylkeskommunen sin utviklingsplan. Området er på ca. 500 daa. Utgreiing av aktuelle utbyggingstiltak pågår. Noverande framlegg er å nytte området til landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, blågrøn profil, grøn industri avfall/slamhandsaming/biogass, forproduksjon, eller desaltingsanlegg.

Eit aktuelt prosjekt er å kombinere husdyrgjødsel og avfall frå landbasert oppdrett for produksjon av biodrivstoff, gjødsel og jord. Tiltakshavar har løyve til å byggje ein større driftsbygning for husdyr rett i nærleiken av område, som kan inngå i ein slik produksjon. Tiltakshavar ser føre seg ei trinnvis utbygging ved å ta i bruk eige areal først. Det er ikkje tenkt utfylling i sjø eller etablering av hamn ut i sjøen. Ønska løysing er å etablere ei lagune/sprengje seg inn i området og etablere kai.

Overskotsmassar er tenkt deponert/levert lokalt og til veg og ev. andre prosjekt. Når det gjeld utslepp til sjø er det tenkt høg reinsegrad/berekraftige løysingar.



Figur 1: Det aktuelle planområdet lagt inn på kommuneplanen sin arealdel.

Generelt skal alle planar som kan ha vesentleg verknader for miljø, naturressursar, kulturminne eller samfunn ha eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Jmfør Forskrift om konsekvensutgreiingar skal alle planer med næringsbygg, bygg for offentlig etter privat tenesteyting og bygg til allmenntilgjengelige føremål med et bruksareal på meir enn 15 000 m<sup>2</sup>, alltid ha planprogram med konsekvensutredning.

Føresegn 2.1.3 bokstav J, til kommuneplanen sin arealdel som vart godkjent den 11.04.2019 seier følgjande:

*«Næringsområdet N18 Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging. Før det kan gjevast løyve til å nytte området eller deler av området til formålet næring, må det utarbeidast reguleringsplan med utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag for vurdering av bruken av området. Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.»*

Konsekvensutgreiinga skal identifisera og skildra faktorar som kan verta påverka, og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn. Konsekvensutgreiinga skal også skildra dei tiltak som er planlagt for å unngå, avgrensa, istandsetja og, dersom mogeleg, kompensera for vesentlege skadeverknader for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen.

I tabell 5.2 i vedlagt planprogram er det framlegg om utgreiingstema som skal vurderast nærare i konsekvensutgreiinga som skal følgje detaljreguleringa. I kolonne lengst til høgre her er det omtalt kva framgangsmåte som vil bli brukt for å utgreie dei ulike tema.

Utarbeiding av endeleg planframlegg med plankart, planføresegner og planomtale, samt konsekvensutgreiing, skal skje med bakgrunn i fastsett planprogram. Planprogrammet skal på høyring i 6 veker, samstundes med kunngjering om oppstart av planarbeidet.

### Vurdering:

Kommunedirektøren vil informera om at Austrheim kommune har avgjort at det er behov for planprogram og konsekvensutgreiing i denne plansaka. Dette er og drøfta med Statsforvaltaren i

Vestland. I plan-og bygningslova § 4-1 står det følgjande: *For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet.*

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planen, planprosessen, medverknad, alternativ og behov for utgreiingar. Med eit planprogram er det og klart kva som skal utgreiast i planprosessen, det gjer planarbeidet meir førande frå A-Å. Det kan og koma viktig informasjon og kunnskap frå ulike hald som då må utgreiast nærare i planprosessen. Forslaget skal sendast til alle statlege, regionale, kommunale og offentlege instansar, private organisasjonar og institusjonar, som vert råka av forslaget, til uttale innan ein fastsatt frist.

Kommunedirektøren vil peike på at Trafikktryggleiksplanen vår vart godkjent 7. april 2022, det må rettast opp i planprogrammet, der står det 2016. Det må rettast i planprogrammet før det vert sendt ut til offentleg ettersyn.

Kommunedirektøren meiner at ei vurdering kor stort klimagassutslepp ein kan forvente av planen når det gjeld omdisponering av myr og våtmarksområde må utgreiast. Det må inn i planprogrammet før det vert sendt ut til offentleg ettersyn.

Kommunedirektøren vil peike på at massar kan vere ein ressurs eller eit problem. Avfall/massar skal handterast slik at det blir til minst mogleg skade og ulempe. Det skal om mogleg gjenvinnast, helst ved ombruk eller materialgjenvinning, jf. forureiningslova § 2. Planarbeidet bør vise at ein har søkt å handsame overskotsmassane i riktig rekkjefølgje (reduksjon, ombruk, gjenvinning, utfylling og til slutt avfallsdeponering). Det nå vere med ei vurdering av kor mykje masser som kan nyttast i planområdet og kva masseoverskotet er etter dette. Det må også gjerast ei vurdering/utgreiing av konsekvensar av masseoverskotet for forureining, naturmangfald og klima. Det må inn i planprogrammet før det vert sendt ut til offentleg ettersyn.

Det er og viktig at det er full kontroll på avrenning frå området i og etter anleggsperioden, og at det er føresegn som sikrar dette. Deponiområdet ligg veldig tett opp til vassdrag som går ut i ein stor og verdifull poll i sjø, Austrevågane, noko som kan gjere handtering av avrenning meir krevjande. Mogeleg partiklar i sjø og støysprengingar mot det store havbruksanlegget som er om lag 1,2 km nordanfor må det og takast omsyn til Avrenningsproblematikk til våtmarksområde, elvar og vassdrag og sjø må difor utgreiast. Det må inn i planprogrammet før det vert sendt ut til offentleg ettersyn.

Rettingane og merknadane må takast inn i planprogrammet før det vert sendt ut på offentleg ettersyn. Kommunedirektøren vil med desse merknadane over tilrå at planprogrammet vert sendt ut på offentleg ettersyn.

### **Konklusjon:**

Planprogrammet vert med føringar gjeve i saksutgreiinga sendt ut på offentleg ettersyn.